

Møte nr. 4-2010

Kontrollutvalet i Klepp INNKALLES TIL MØTE

02. desember 2010 kl. 16.00 på Rådhuset, Klepp. Formannskapssalen

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 23/10 [Godkjenning av protokoll frå møte 020910](#)
- 24/10 [Orientering om planlegging av rekneskapsrevisjonen 2010 - behandlast i lukka møte jfr. KL § 31, 3](#)
- 25/10 [Utkast til prosjektmandat: Selskapskontroll i Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS](#)
- 26/10 [Utkast til prosjektmandat: Nord-Jæren Bompengeselskap AS](#)
- 27/10 [Møteplan for 2011](#)
- 28/10 [Kontrollutvalets årsplan for 2011](#)
- 29/10 [Oversikt over status bestilte prosjekt og kontrollar pr. november 2010](#)
- 30/10 [Sak vedr. Klepp kommunes handtering av mottatt brev i sak vedr. grunnavståing](#)

EVENTUELT

MELDINGAR

- 12/10 Kontrollutvalgets innstillingsrett til kommunestyret\
- 13/10 Foreløpig tilbakemelding fra rådmannen på status pr. oktober vedr. oppfølging IVAR IKS

Revisor møter i sak 24/10.

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobiltf. 98806776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka(*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Kleppe, 24.11.2010

Hanne-Lill Steen
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen
sekretariatet

MELDINGSSAKER

Periode: 02. september 2010 - 02. desember 2010

Nr.	Arkivsak	Referatsaktittel
12/10	200800279-13	Kontrollutvalgets innstillingsrett til kommunestyret
13/10	200800326-10	E-post. Foreløpig tilbakemelding fra rådmannen på status pr. oktober vedr. oppfølging IVAR IKS

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800244
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 02.12.2010	Utvalgssaksnr. 23 /2010
---	-------------------------------	-----------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 02.09.10

Det vert vist til vedlagde protokoll frå kontrollutvalet sitt møte den 2. september 2010.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet 02.09.2010.

SANDNES, 07.11.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:
[Protokoll frå møte 02.09.10.](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000027
Arkivkode : E: 037
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 02.12.2010	Utvalgssaksnr. 24 /2010
---	-------------------------------	-----------------------------------

**ORIENTERING OM PLANLEGGING AV REKNESKAPSREVISJONEN
2010 - BEHANDLAST I LUKKA MØTE JFR. KL § 31, 3**

Bakgrunn

Etter kommunelovas § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet vert gjennomført ved at revisor rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentera overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksutgreiing

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor kvart år utarbeida ein plan for revisjon av regnskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må gjera for å kunna bekrefte rekneskapen. Sidan det er eit internt dokument vert det ikkje utlevert til kontrollutvalet, men revisor vil gi ei munnleg orientering til utvalet om hovudtrekka. Opplysningar som kjem fram i møtet er unnateke offentleggjering i medhald av Offentleglova § 24. Møtet vert lukka i høve til Kommunelovas § 31.3.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Klepp tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2010 til orientering.](#)

SANDNES, 22.11.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000077
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalet i Klepp	Møtedato 02.12.2010	Utvalgssaksnr. 25 /2010
--	-------------------------------	-----------------------------------

**UTKAST TIL PROSJEKTMANDAT: SELSKAPSKONTROLL I
BRANNVESENET I SØR-ROGALAND IKS**

Kontrollutvalet i Stavanger har bedt om at det vert gjennomført selskapskontroll i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS. Utkast til prosjektmandat vert nå lagt fram i dei andre eigarkommunane.

Brannvesenet Sør-Rogaland IKS er eigd av kommunane Stavanger, Sandnes, Sola, Randaberg, Gjesdal, Time, Klepp, Rennesøy og Kvitsøy. Klepp sin eigardel i selskapet er på 3,2%.

Selskapet er prioritert i Sandnes kommunes vedtatte Plan for selskapskontroll for inne-værende bystyreperiode.

Saksutredning:

Det er foreslått i utkast til prosjektmandat for gjennomføring av selskapskontrollen at føremålet skal vere å *gjennomføre kontroll med forvaltningen av eierinteressene i Brann-vesenet Sør-Rogaland IKS (eierskapskontroll) og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).*

Ut frå dette formålet, foreslår revisor at det ses nærmare på følgjande problemstillingar:

- *Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?*
- *Er selskapets budsjett rutiner og regnskapsrapportering tilfredsstillende?*
- *Hvor kostnadseffektivt drives selskapet, for eksempel sett i forhold til tiden før etableringen og i forhold til andre brannselskaper?*
- *Bli de enkelte eierkommunene belastet selskapets kostnader på en tilfredsstillende måte?*
- *Hvordan følger selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?*
- *Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?*

I utkastet til prosjektmandat vert det og foreslått å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i selskapet (primært pkt. 2, 3 og 4). Kontrollutvalet må ta stilling til dette ved bestilling av prosjektet, samt om det er andre problemstillingar ein ønskjer å sjå nærare på.

Slik mandatforslaget er lagt fram har det eit samla arbeidsforbruk på 300 timer, som vert fordelt mellom eigarkommunane i høve til eigardel. Klepp sin del av kostnadene blir då 10 timar.

Prosjektet er vedtatt slik det nå ligg føre i Stavanger, Gjesdal, Rennesøy og Kvitsøy, og vil bli lagt fram i Sola og Time på neste møte. Kontrollutvalet i Stavanger poengterte at ein såg det som viktig at man hadde spesielt fokus på siste punkt; korleis selskapet handterer etikk, arbeidsmiljø og miljøvern.

Forslag til

VEDTAK:


Kontrollutvalet i Klepp bestiller selskapskontroll i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

SANDNES, 24.11.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:
[Utkast til prosjektmandat](#)

[Tilbake](#)

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Eierkommunene i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS	Utarbeidet dato/sign.: 11.10.2010/RE	År: 2010
Enhet: Selskapskontroll	Gjennomgått dato/sign.:	Side: 7 av 22
Sak: Kontrollmandat - Brannvesenet Sør-Rogaland IKS		

Bakgrunn

Fra 1. juli 2004 er kommunene blitt pålagt å utføre selskapskontroll av egne selskaper, jf. kommunelovens § 77.5. Bestillerfunksjonen er i loven lagt til kontrollutvalget i kommunene. De store eierkommunene har tatt med selskapskontroll av Brannvesenet Sør-Rogaland IKS i plan for selskapskontroll for innværende bystyre-/kommunestyreperiode. Brannvesenet Sør-Rogaland IKS eies av kommunene Stavanger (51,9 %), Sandnes (24,1 %), Sola (8,6 %), Randaberg (3,8 %), Gjesdal (3,3 %), Time (3,3 %), Klepp (3,2 %), Rennesøy (1,3 %) og Kvitsøy (0,5 %).

Brannvesenet Sør-Rogaland IKS ble stiftet 22.04.04 ved en overføring og sammenslåing av deltakerkommunenes brannvesen til det nye selskapet.

Brannvesenet Sør-Rogaland IKS har ansvaret for alle lovpålagte oppgaver innenfor brannvesen i eierkommunene. Selskapet har ansvaret for brann- og redningsberedskap og for brannforebyggende og kontrollerende oppgaver i kommunene. Feiervesenet skal utføre feiing og tilsyn med røykkanaler og fyringsanlegg og drive med motivasjons- og informasjonstiltak om brannfaren ved fyring. Selskapet har også ansvaret for interkommunal nødsentral for brann med 18 kommuner i Sør-Rogaland samt Sirdal i Vest Agder. Under selskapet ligger dessuten IUA (interkommunalt utvalg for akutt forurensning) med de samme 18 kommuner.

Spørsmålet om selskapskontroll tas opp med *kontrollutvalgene i alle eierkommunene* med sikte på å foreta en samordnet gjennomgang.

Formål

Det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS (eierskapskontroll), og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).

Problemstillinger

Med bakgrunn i formålet med kontrollen, er det formulert følgende problemstillinger:

1. Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?
2. Er selskapets budsjett rutiner og regnskapsrapportering tilfredsstillende?
3. Hvor kostnadseffektivt drives selskapet, f.eks. sett i forhold til tiden før etableringen og i forhold til andre brannselskaper?
4. Blir de enkelte eierkommunene belastet selskapets kostnader på en tilfredsstillende måte?
5. Hvordan følger selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?
6. Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?

Kontrollkriterier

Kontrollkriterier er elementer som inneholder krav eller forventninger, og som vi bruker for å vurdere funnene i våre undersøkelser. Kriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området, f.eks. lovverk og politiske vedtak. Ved denne selskapskontrollen tas det utgangspunkt i følgende kilder:

- Vedtak og føringer o.l. gitt av kommunene om eierstrategi for selskapet
- Lov om interkommunale selskaper
- Brannvernloven med forskrifter
- Selskapsavtalen for Brannvesenet Sør-Rogaland IKS
- Annet - Eventuelt

Metodevalg

Metodisk vil vi benytte intervjuer, dokumentgranskning og analyser.

- analyse av kommunenes vedtak, intensjoner og forventninger med selskapet
- intervju med ledelsen i selskapet
- gjennomgang av selskapets strategidokument eller lignende
- analyse av de tre siste årsregnskap
- analyse av kommunenes kostnader til brannvern nå sammenlignet med årene forut for etableringen av selskapet
- vurdering av selskapets kostnadsfordeling på de enkelte eierkommunene
- sammenligning/benchmarking med tilsvarende selskaper (ved tilgjengelig materiale)
- gjennomgang av lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet på et overordnet nivå
- gjennomgang av etikk, arbeidsmiljø og miljøvern på et overordnet nivå

Omfang

Selskapskontrollen vil bli gjennomført av forvaltningsrevisor Rune Eskeland, under ledelse av fagansvarlig for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Bernt Mæland og revisjonsdirektør Cicel T. Aarrestad.

Samlet tidsanslag til planlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 300 timer, hvilket forutsetter at det foretas en del avgrensninger underveis. Fordelingen på eierne vil være etter eierandel, men hvor det for alle kommunene legges et minimum antall timer til analyse av de enkelte kommuner sine vedtak og selskapsoppfølging. Slik: Stavanger 150, Sandnes 65, Sola 25, Øvrige eiere 10 timer hver. Kontrollen gjennomføres i 2011.

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000080
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalet i Klepp	Møtedato 02.12.2010	Utvalgssaksnr. 26 /2010
--	-------------------------------	-----------------------------------

**UTKAST TIL PROSJEKTMANDAT: NORD-JÆREN
BOMPENGESELSKAP AS**

Kontrollutvalet i Stavanger har på møte i oktober bestilt selskapskontroll i Nord-Jæren Bompengeselskap AS. Øvrige eigarar vert nå invitert til å delta i selskapskontrollen.

Nord-Jæren Bompengeselskap AS er et offentlig heileigd selskap, som vert eigd med 16,66% kvar av kommunane Klepp, Randaberg, Sola, Sandnes og Stavanger, samt Rogaland Fylkeskommune.

Selskapet er nemnt i Klepp kommunes plan for inneverande periode, men er ikkje prioritert i planen.

Saksutredning:

Dersom Klepp kommune ikkje vil foreta ein kontroll av selskapet på eigenhand på eit seinare tidspunkt (noko som medfører ekstra utgifter), vil sekretariatet anbefale at ein deltar i felles selskapskontroll saman med dei øvrige eigarane.

Det vert foreslått i utkast til prosjektmandat for gjennomføring av selskapskontrollen at føremålet skal vere *å gjennomføre kontroll med forvaltningen av eierinteressene i Nord-Jæren Bompengeselskaps AS (eierskapskontroll), og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).*

Ut frå dette formålet foreslår revisor at det vert sett nærare på følgjande tilhøve:

- *Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?*
- *Hvordan er driften av bomstasjoner lagt opp?*
- *Hvilke forbedringer kan eventuelt gjennomføres i anførte forhold?*
- *Hvordan følgjer selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?*
- *Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?*

Det vert og foreslått i utkastet til prosjektmandat at det vert gjennomført ein forvaltnings-revisjon i selskapet (primært pkt. 2 og 3)..

Slik mandatforslaget ligg føre har det eit samla arbeidsforbruk på 180 timer, som er fordelt likt på dei forskjellige eigarane, dvs. ca. 30 timer på kvar kommune.

Mandatforslaget er behandla av kontrollutvalet i Stavanger, Sandnes og Randaberg, der utkast til prosjektmandat er vedtatt. Utkastet skal behandlast i Sola i møte før jul.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp bestiller selskapskontroll i Nord-Jæren Bompengeselskap AS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

SANDNES, 23.11.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:
[Utkast til prosjektmandat](#)

[Tilbake](#)

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Eierkommunene i Nord Jæren Bompengeselskap	Utarbeidet dato/sign.: 11.10.2010/RE	År: 2010
Enhet: Selskapskontroll	Gjennomgått dato/sign.:	Side: 11 av 22
Sak: Kontrollmandat - Nord Jæren Bompengeselskap AS		

Bakgrunn

Fra 1. juli 2004 er kommunene blitt pålagt å utføre selskapskontroll av egne selskaper jf. kommunelovens § 77.5. Bestillerfunksjonen er i loven lagt til kontrollutvalget i kommunene. Nord Jæren Bompengeselskap AS er tatt med i eierkommunenes plan for selskapskontroll for inneværende valgperiode, men uten klar prioritering. Selskapet eies av kommunene Klepp, Randaberg, Sola, Sandnes og Stavanger samt Rogaland fylkeskommune (med 16,66 % på hver eier).

Nord Jæren Bompengeselskap AS ble stiftet 22.11.99. Formålet med selskapet er å finansiere deler av utbyggingen av transportsystemet på Nord Jæren, tilføre godkjente prosjekter kapital herunder lån som forrentes og inndras ved oppkreving av bompenger, samt administrere denne ordningen inntil lånene er nedbetalt.

Spørsmålet om selskapskontroll tas opp med *kontrollutvalgene i alle eierkommunene* med sikte på å foreta en samordnet gjennomgang.

Formål

Det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i Nord Jæren Bompengeselskap AS (eierskapskontroll), og en analyse av utvalgte forhold knyttet til selskapets drift og utvikling (forvaltningsrevisjon).

Problemstillinger

Med bakgrunn i formålet med kontrollen, er det formulert følgende problemstillinger:

1. Hvordan er selskapet styrt og hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?
2. Hvordan er driften av bomstasjoner lagt opp?
3. Hvordan er finansforvaltningen lagt opp?
4. Hvilke forbedringer kan eventuelt gjennomføres i anførte forhold?
5. Hvordan følger selskapet opp lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?
6. Hvordan håndterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?

Kontrollkriterier

Kontrollkriterier er elementer som inneholder krav eller forventninger, og som vi bruker for å vurdere funnene i våre undersøkelser. Kriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området, f.eks. lovverk og politiske vedtak. Ved denne selskapskontrollen tas det utgangspunkt i følgende kilder:

- Lov om aksjeselskaper
- Vedtekter Nord Jæren Bompengeselskap AS
- Vedtak, føringer eller interne retningslinjer hos eierne om eierstrategi e.l.
- Annet/Eventuelt

Metodevalg

Metodisk vil vi benytte intervjuer, dokumentgranskning og analyser samt gjennomgang av vedtak.

- analyse av kommunenes vedtak, intensjoner og forventninger med selskapet
- intervju med ledelsen i selskapet
- gjennomgang av selskapets strategidokument eller lignende
- analyse av de tre siste årsregnskap
- gjennomgang av aktuelle økonomirutiner og intern kontroll rutiner i selskapet (gjelder driften av bomstasjoner og finansforvaltningen)
- sammenligning/benchmarking med tilsvarende selskaper (ved tilgjengelig materiale)
- gjennomgang av lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet på et overordnet nivå
- gjennomgang av etikk, arbeidsmiljø og miljøvern på et overordnet nivå

Omfang

Selskapskontrollen vil bli gjennomført av forvaltningsrevisor Rune Eskeland, under ledelse av fagansvarlig for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll Bernt Mæland og revisjonsdirektør Cicel T. Aarrestad. Samlet tidsanslag til planlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 180 timer. Tidsbruken blir fordelt likt på eierkommunene. Kontrollen gjennomføres i 2011.

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalet i Klepp	Møtedato 02.12.2010	Utvalgssaksnr. 27 /2010
--	-------------------------------	-----------------------------------

MØTEPLAN FOR 2011

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (5 møter pr. år) er det sett opp forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2011. Møta vil som før holdast kl. 16.00 på torsdagar. Dersom det blir behov for færre/evt. ekstra møte, kan møteplanen bli endra.

Saksutredning:

På møtet om våren behandlar alltid kontrollutvalet kommunens årsmelding og rekneskap. I følgje forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak i denne saka før den er behandla i kontrollutvalet. Dato for dette møtet vil derfor alltid vera avhengig av når det er planlagt behandling av årsmelding og rekneskap i formannskapet.. Behandling i kontrollutvalet vert foreslått til 14. april, som er i veka før påsken. Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gitt beskjed om dette så snart det er kjent.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtar følgjande møteplan for 2011:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Torsdag 17.02.2011	Kl. 16.00	
Torsdag 14.04.2011	Kl. 16.00	<i>Kan bli endra</i>
Torsdag 16.06.2011	Kl. 16.00	
Torsdag 08.09.2011	Kl. 16.00	
Torsdag 24.11.2011	Kl.16.00	

SANDNES, 15.10.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800159
Arkivkode : E: 144
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalet i Klepp	Møtedato 02.12.2010	Utvalgssaksnr. 28 /2010
--	-------------------------------	-----------------------------------

KONTROLLUTVALETS ÅRSPLAN FOR 2011

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsplan for kontrollutvalet i Klepp for 2011. Planforslaget vert lagt fram for kontrollutvalet til godkjenning.

Saksutgreiing:

Planen byggjer på kontrollutvalet sine lovfesta arbeidsoppgåver, samt på vedtekne planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Utvalet har fått delegert fullmakt til å oppdatere plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Alle tiltak kontrollutvalet set i gang for 2011 må i tillegg sjåast i samanheng med tilgjengelige midlar i budsjettet.

Dersom kontrollutvalet ønskjer endringar i forslag til årsplan for 2011, vil sekretariatet innarbeida desse endringane i planen før den vert vidaresendt til kommunestyret.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp vedtar den framlagde årsplanen for 2011.

Planen vert vidaresendt kommunestyret til orientering.

SANDNES, 24.11.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

Vedlegg:
[Forslag til årsplan for 2011](#)

[Tilbake](#)



Årsplan for 2011 Kontrollutvalet i Klepp

Innleiing

Kommunestyret har det øvste ansvar for kontroll og tilsyn i kommunen. I tillegg skal kommunestyret velja eit kontrollutval som skal ha det løpande ansvaret for kontroll og tilsyn på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet rapporterer direkte til kommunestyret.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp eit kvart forhold som kan knytast til kommunens verksemd utan hinder av teieplikt så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Det er likevel to viktige avgrensingar:

1. Kontrollutvalet kan ikkje overprøva politiske vurderingar
2. Kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar for kommunestyret¹

Kommunestyret har valt å kjøpa revisjonstenester frå Deloitte AS. Kommunestyret skal i tillegg sørge for uavhengig sekretærbistand til kontrollutvalet, og har her valt å kjøpa desse frå Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS.

Mål for kontrollutvalet i Klepp

Kontrollutvalets mål er på vegne av kommunestyret å sjå til at kommunen følgjer lovar og regler samt følgjer opp kommunestyret sine vedtak. I tillegg er kontrollutvalets mål å sjå til at verksemda er målretta, effektiv og etisk til beste for kommunens innbyggjarar.

Kontrollutvalet ønskjer å ha god kontakt både med kommunestyret og det politiske miljøet, samt med kommunens administrasjon. Gjennom denne dialogen ønskjer kontrollutvalet å få innspel som kan nyttast til beste for kommunen.

Saksbehandlinga i kontrollutvalet

Kontrollutvalet i Klepp held sine møte for opne dører. I tillegg vert innkallingar/saker og protokoller lagt ut på kommunens heimesider. Innkalling og protokoll vert og sendt til ordførar og rådmann.

Kontrollutvalet har fastlagt sin møteplan for hele året, og har for 2011 planlagt 5 møter. Møteplanen vert og lagt ut på kommunens nettsider. Medlemmene vert kalla inn til møte av kontrollutvalets sekretariat i samarbeid med leiar av utvalet. Sekretariatet har ansvar for at kontrollutvalets saker er forsvarlig utgreidd og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Kontrollutvalets oppgåver

Kommunens regnskap, budsjett og internkontroll:

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunens rekneskap vert revidert på ein betryggande måte. Kontrollutvalet skal og gi uttale til kommunestyret om årsrekneskapen. Denne uttalen skal vera kjent for formannskapet før det vert gitt innstilling til kommunestyret i saka.

Kontrollutvalets tilsyn inkluderer i tillegg m.a.:

- Følgja med på kommunens økonomistyring og budsjett disiplin i løpet av året via kommunens tertialrapportering
- Følgja opp revisors merknader til rekneskap og internkontroll
- Følgja med i revisors arbeid via revisors rapportering i samband med årsoppgjeret og i samband med orientering om planlegginga av komande revisjonsår
- Få årleg orientering om skatterekneskapet, skatteoppkrevjars melding og kontrollrapport frå Skatteetaten.

Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon årleg. Oppgåva omfattar:

¹ Kontrollutvalg kan likevel seie frå til kommunestyret dersom dei er i ferd med å fatte eit ulovlig vedtak

- Bestilla prosjekt ut frå vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon og gjeldande budsjett
- Behandla gjennomført forvaltningsrevisjon og foreta innstilling til kommunestyret
- Følgja opp rapporter dersom slik oppfølging vedtas av kommunestyret
- Bestilla overordna analyse i fbm utarbeiding av ny plan i 2012

Kontrollutvalet har i høve til vedtak i kommunestyret fått delegert fullmakt til å fråvika oppsette prioriteringar i vedtatt plan dersom nye og meir aktuelle prosjekt skulle dukka opp.

Kontrollutvalet vil ikkje bestilla nytt prosjekt for levering i 2011, då ein av budsjettmessige grunnar ikkje har hatt midlar til dette, men måtte la prosjektet for 2010 gå over to år. Dette er kun mulig å gjere som eit enkelt unnatak, då årleg forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve.

Selskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med korleis kommunens interesser i selskap vert forvalta (obligatorisk eigarskapskontroll). Kontrollutvalet skal med bakgrunn i vedtatt plan bestilla selskapskontroll i dei selskap som er omfatta av denne bestemminga.

Det kan og vedtas å foreta en forvaltningsrevisjon i selskapet. Denne er ikkje obligatorisk.

Aktuelle selskap for selskapskontroll vert oftast eigd saman med andre kommunar. For å få ei effektiv utnytting av ressursane og av omsyn til selskapa, har kontrollutvalet etablert ein praksis der dei største eigarane i hovudsak tar initiativ til selskapskontroll. Kontrollutvalet har bestilt selskapskontroll i desse selskapa for levering i 2011:

- Nord-Jæren Bompengeselskap AS
- Brannvesenet Sør-Rogaland IKS

Budsjett for kontroll og tilsyn

Kontrollutvalet er ansvarlige for å fremja budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Departementet har uttalt at dette forslaget kun kan endrast politisk i forbindelse med budsjettbehandlninga.

Då kontrollutvalet er direkte underordna kommunestyret skal kontrollutvalets vurdering av det økonomiske behovet for kontroll- og tilsynsarbeidet alltid følgja med til kommunestyret ved behandling av årsbudsjettet.

Andre oppgåver

Kontrollutvalet kan be om orientering om kommunens drift innafor dei enkelte tenesteområda som eit ledd i tilsynet med kommunen.

Hanne-Lill Steen
leiar i kontrollutvalet

Kristian K Kleppe, nestleiar

Arild Børge Skjæveland

Sigrid Lærdal

Reidar B. Thu

[Tilbake](#)

Vedlegg til årsplanen

Møte 1: 17. Februar 2011

1. Kontrollutvalets årsmelding for 2010
2. Oppfølging rapporten 85 tilrådingar
3. Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn – 3. tertial 2010

Møte 2: 14. april 2011

1. Uttale til Klepp kommunes rekneskap/årsmelding for 2010
2. Skatteregnskapet for 2010
3. Selskapskontroll Stavanger Brannvesen

Møte 3: 16. juni 2011

1. Forvaltningsrevisjonsrapporten ”Prosjektstyring”
2. Tertialrapportering Klepp kommune
3. Tertialrapportering kontrollutvalets budsjett
4. Val av prosjekt for levering av prosjektmandat for forvaltningsrevisjon 2012?
5. Selskapskontroll Nord-Jæren Bompengeselskap AS

Møte 4: 8. september 2011

1. Budsjett for kontroll og tilsyn 2012
2. Bestilling av overordna analyse i 2012
3. Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2012?

Møte 5: 21. november 2011

1. Opplæring av nytt kontrollutval – gjennomgang av kontrollutvalets oppgaver samt orientering frå revisor
2. Tertialrapportering Klepp kommune
3. Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn pr 31.08.11
4. Oppfølging av merknader i revisors årsoppgjernet
5. Kontrollutvalets årsplan for 2012
6. Møteplan for 2012

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800153
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 02.12.2010	Utvalgssaksnr. 29 /2010
---	-------------------------------	-----------------------------------

**OVERSIKT OVER STATUS BESTILTE PROSJEKT OG
KONTROLLAR PR. NOVEMBER 2010**

Bakgrunn:

Sekretariatet legg til kvart møte fram ei orienteringssak som viser oversikt over status på forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskapskontrollar som er bestilt av kontrollutvalet. Denne inneheld og ei oversikt over kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, og når desse skal følgjast opp av kontrollutvalet. Til slutt vil det komma ei oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla av kontrollutvalet i den inneverande perioden.

Saksutredning:

Alle prosjekta som kontrollutvalet bestiller skal vera med bakgrunn i planer som er vedtatt av kommunestyret, eller med bakgrunn i pålegg frå kommunestyret. Både ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll for den inneverande kommunestyre- perioden er vedtekne av kommunestyret i Klepp.

Til dette møtet ligg det føre utkast til prosjektmandat for bestilling av to selskapskontrollar.

Budsjett 2011:

Sekretariatet har fått kjennskap til at kontrollutvalets budsjett til forvaltningsrevisjon i 2011 er foreslått til 150.000 kroner. Det er ikkje nok til å bestilla eit eige prosjekt så lenge bestilt prosjekt for 2010 og skal finansierast i 2011. Det vert antatt at inntil 100.000 kr. kan gå med til dette prosjektet. I tillegg er det lagt fram sak om bestilling av to selskapskontrollar.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar oversikt over status prosjekt og kontrollar pr november 2010 til orientering.

SANDNES, 19.11.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:
[Statusoversikt](#)

Kontrollutvalet i Klepp

Oversikt over status prosjekt og kontrollar – november 2010

Vedtatte prosjekt under arbeid:

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Vedtatt igangsett</i>	<i>Estimert timeforbruk</i>	<i>Status/forventa ferdigstilt til</i>
Prosjektstyring	22.04.2010	220 t	Våren 2011
<i>Selskapskontrollar</i>			
.Brannvesenet i Sør- Rogaland IKS			Til bestilling
Nord-Jæren Bompengeselskap AS			Til bestilling

Prosjekt behandla i kontrollutvalet som venter på oppfølging eller er ferdigbehandla:

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Bestilt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Oversendt kommunen</i>	<i>Planlagt oppfølging og svarfrist</i>	<i>Status</i>
Innkjøp	23.04.2009	26.11.09	01.12.09	6 mnd etter kst-vedtak	
Legevakttenesta	2007/20.02.08	11.12.2008	14.12.2008		Oppfølging til behandling
Barnevern	12.06.2008	23.04.2009	27.04.2009		Oppfølging til behandling
Vedlikehold og inneklima i kommunale bygg		27.11.06		2008	Ferdigbehandla
<i>Selskapskontrollar</i>					
IVAR IKS	11.12.08	22.04.10	26.04.10	2011	
Lyse Energi AS	30.04.07	30.04.08	3/5-08		Ferdigbehandla

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800279
Arkivkode : E: 047
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Klepp	Møtedato 02.12.2010	Utvalgssaksnr. 30 /2010
---	-------------------------------	-----------------------------------

**SAK VEDR. KLEPP KOMMUNES HANDTERING AV MOTTATT
BREV I SAK VEDR. GRUNNAVSTÅING**

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Klepp har fått ei henvending frå ein innbyggjar i kommunen. I følgje denne har kommunen latt vera å leggja fram eit mottatt brev sendt i tilknytning til ei sak før vedtak vart fatta i formannskapet. I tillegg vert det opplyst at kommunen har gradert eit brev om klage på rammeløyve i postlista utan at avsendar kan sjå at kommunen har gyldig heimel for å halda brevet unntatt offentlegheit.

Saksutredning:

Sekretariatet har ikkje vore i kontakt med kommunen om saka, då det først vert foreslått at kontrollutvalet tek stilling til om ein skal invitera ein representant frå administrasjonen til å orientera på neste møte.

Den omtalte saka gjeld ekspropriasjon av veggrunn. Brevet som er mottatt er frå fleire grunn-eigarar, dei er derfor partar i saka.

Generelt sett er det visse reglar som styrer den kommunale saksbehandlinga, først og fremst i Forvaltningsloven. § 17 slår m.a. fast at ei sak skal vera utgreidd "så godt som mulig". Dette inkluderer m.a. å leggja fram opplysningar som har kome inn frå eventuelle partar i saka, som grunneigarane i dette tilfellet. Litteratur om emnet² nemner m.a. at dersom det til dømes dreier seg om ei ekspropriasjonssak, må det i utgangspunktet stillast strenge krav til utgreiingsplikta, då vedtaket er inngripande for den det angår. Det står og litt om kva som kan krevjast av vurderingar frå administrasjonen i ei slik sak, men det er ikkje hovudpoenget her. Saka som er tilsendt kontrollutvalet handlar først og fremst om utsending av informasjon i samband med at vedtaket vart fatta. Formannskapet er ikkje pliktige til å ta omsyn til dei momenta som partane legg fram, men alle relevante opplysningar bør vera kjent for formannskapet når saka skal behandlast.

Når det gjeld brev som er unntatt offentlegheit i kommunes postliste, har rådmannen orientert om rutinar rundt dette på eit tidlegare møte. Det vart her lagt fram reglement om kommunens handtering av Offentleglova og rutinar for registrering og arkivering. Her står det m.a.:

1.5 Dokument unntatt offentlegheit

- Sentralarkivet vurderer om eit inngåande dokument er unntatt offentlegheit, fører på midlertidig tilgangsgruppe, § og heimel.
- Rådmann, kommunalsjef og saksbehandlar har ansvar for kvalitetssikring.

Den omtalte kvalitetssikringa går ein ut frå gjeld både om rett paragraf er sett, samt om dette er eit dokument som skal/skal ikkje unntakas offentlegheit.

Oppsummering.

² Vedlegg: utdrag av G.Woxholth: Forvaltningsloven, kommentarutgave. Gyldendal Akademisk 2000

Ifølge forskrifta er det kontrollutvalet sjølv som avgjer om ein skal behandla saker som kjem frå innbyggjarane. Utvalet er kun pliktige til å behandla saker som kjem frå revisor eller frå kommunestyret.

Sekretariatet anbefaler at før kontrollutvalet tek stilling til om ein vil behandla saka, vert rådmannen kalla inn til neste møte for å orientera om kva rutinar ein har for vidareending av opplysningar frå partar i ei sak, samt kva ein gjer for å sikra at kommunens reglement for journalføring/postbehandling blir fylgt.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp ber rådmannen om å orientera om rutinar/reaksjonar på det som kjem fram i mottatt brev til kontrollutvalet vedr. behandling av ekspropriasjonssak.

SANDNES, 23.11.2010

Wencke S. Olsen
Sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:

Mottatt e-post m/vedlegg av 04.11.2010

Kommunens rutiner for postbehandling

Utdrag frå Forvaltningsloven, kommentarutgaven

Fra: irene og ove aase [borestranda@gmail.com]
Sendt: 4. november 2010 21:20
Til: postmottak rks
Emne: kontrollutvalget i klepp kommune
Vedlegg: brev fra 3 naboer 26.07.10.pdf; klage karin øksnevad.DOCX

hei
Denne henvendelse gjeld klepp kommunes saksbehandling i forkant til formannsskapsmøte den 6.9.2010. sak 29/10 ekspropriasjon veggrunn borestranda.
Naboer hadde i god tid sendt brev til klepp kommune (vedlegg 1) angående saken der vi forklarte hvorfor vi ikke hadde godtatt tilbudet fra Lema a/s.
I brevet ber vi om at formannskapet blir orientert om dette.
I saksfremlegget blir ikke brevet lagt frem, tverimot så blir vi fremstilt som uvillige til å gi grunn.
Dette har aldri vært tilfellet da det ikke hadde vært noen forhandlinger i det hele tatt. Jeg mener klepp kommune har tatt parti med utbygger og bevisst latt være å legge frem brevet fra oss.
Jeg vil at kontrollutvalget skal se på dette da det er ille at vi ikke kan stole på at brev blir lagt frem til dei aktuelle politikere som skal behandle og avgjøre saken.
Er også kritisk til at dei graderer brev på postlista angående klage på rammetillatelse. Dette er saksbehandlingsfeil da klage på rammetillatelse ikke er gradert materiale.(vedlegg 2) En kommuneadministrasjon skal være nøytral og behandle alle likt, det mener jeg de ikke har gjort i disse tilfeller.
vennlig hilsen Ove M Aase

Rogaland Kontrollutvalgsssekretariat	
Saksnr.: 08 1279	Dok.nr. 14
Mottatt dato: - 5 NOV 2010	
Arkivnr.: 047	Komm.nr. 1120
Saksb: WSO	U.off:

Til Klepp kommune

Kommentar til brev fra Lema.

Viser til brev fra Lema til Klepp kommune der dei ber kommunen tvinga igjennom et kjøp av veggrunn fra naboane ved å ekspropriere.

Dette stiller vi oss undrande til, da vi aldri har nekta å gi grunn, tvert imot har vi kommet med forslag kos dette kan løysast, og det er aldri lurt å ta første tilbud i en forhandlingssak. Dette er etter vårt syn heller et ledd i forhandlingane så ekspropriasjonskravet fell bort. Det er flere grunner til at me ikkje aksepterte tilbudet fra Lema.

- 1. Lema må ta vegen inn i prosjektet og gi naboane et tilbud som står i stil til resten av prosjektet slik at naboane finn dette interessant, spesielt siden det er dei som sit att med ulempene som dette vil ha i et jordbruksmiljø.**
- 2. Det tilbudet vi har fått er basert på en veibredde på 5 meter noko me ikkje synes om. Vegen bør etter vår meining ha samme bredde som resten av borestrandavegen (6,5 meter). Det er et kommunestyrevedtak om at vegen skal halda kommunal standard og i 2010 må vel det være at 2 store biler må kunne passere kvarandre utan å måtte stoppe.**
- 3. Kommunens oppgave her er ikkje å skaffe investor billig grunn men å følge kommunestyrevedtak og å hjelpe kommunens skattebetalane innbyggare til å få best mulig betalt for grunnen. Uansett er ekspropriasjon ei nødløysing og ikkje et ledd i ei forhandlingssak.**

Dette til orientering til kommunesjef og formannsskap.

Hilsen

Ove Aase, Arvid Bore og Karin Øksnevad

Bore, 26.7.10

Klepp Kommune
Lokal utvikling
Postboks 25
4358 KLEPPE

Bore,30sept 2010

KLAGE OVER RAMMETILLATELSE

Jeg vil med dette klage på vedtaket i Klepp kommune om at det gir rammetillatelse med den bakgrunnelse at Lema ikke har tatt kontakt med meg for og prøve å løse adkomstproblemet til prosjektet.

Det skal ikke gis rammetillatelse på en jordbruksvei.

Jeg syntes også at antall leiligheter er alt for stort

Vi hadde nabomøte med ordfører og rådmann. Etter det har jeg ikke blitt kontaktet i det hele tatt, hverken skriftlig eller muntlig.

Dette reagere jeg sterkt på og forventer at Klepp kommune tar denne klage til følge.

Med hilsen
Karin Øksnevad



Til :

Kontrollutvalet

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>
08/2606-27	208/10	041	SEN/SEN/STAA

RUTINAR Ó REGISTRERING OG ARKIVERING AV DOKUMENT

1.1 All post vert levert til sentralarkivet for journalføring i EDB/sak arkiv-systemet

- Personleg levert post. Dersom saksbehandlar mottar personleg levert post, er det saksbehandlar sitt ansvar å levere denne til sentralarkivet for registrering og skanning.
- Telefaks. Alle som mottar arkivverdig telefaks er ansvarleg for å bringe denne til arkivet for registrering og skanning.
- Elektronisk post (e-post). Det er saksbehandlar sitt ansvar å sørge for at elektronisk post som er arkivverdig vert sendt vidare til postmottak for registrering.

1.2 Opning og sortering

- Personleg adressert post, post til PPT og barnevern skal ikkje opnast, men vert sendt direkte til rette vedkommande. Viser det seg å være sakspost, følgjer ein retningslinjene som under personleg levert post. PPT og barnevern har ansvar for stempling, registrering og oppfølging i eigne fagsystem som er PPI og Familie.
- Fullmakt til opning av personleg adressert post kan gis til sentralarkivet. All annan post vert opna. Arkivverdig e-post til postmottak blir arkivert direkte i sak/arkiv systemet.
- Anbud - ved lukka anbud blir ytre konvolutt stempla og fordelt uopna til anbudsinnbydar. Etter opning skal anbodet førast tilbake til sentralarkivet for registrering og skanning. Opne anbud vert behandla som vanleg brev.
- Post som tilhøyrar klient/elev skal leverast til sentralarkivet for registrering og skanning. Elevpost vert registrert med rett tilgangskode, § og heimel, og deretter skanna. Vert dokument levert direkte til skulen/barnehagen skal dei sendast til sentralarkivet for journalføring.
- Brukar/klientpost til heimetenesta og sosialkontoret. Avdelinga har sjølv ansvar for stempling, registrering og oppfølging av dokumenta i eigne fagsystem som er Profil og Oscar.
- Arkivverdig materiale som reklame, aviser, tidsskrifter, kurs o.a. blir sortert direkte i hyllene.

- Rekningar, faktura vert opna og levert direkte til økonomiavdelinga. Møteinnkalling og protokollar blir lagt i posthyllene.
- Hastesaker. Kopi av dokument blir levert direkte til saksbehandlar, dersom det er stilt direkte til ein bestemt person, eller kommunalsjef for vidare fordeling. Originalen følgjer vanleg postgang. Saksbehandlar kan kaste kopien når originalen er journalført og skanna.

1.3 Journalføring og fordeling

Gjennomsyn

- Sentralarkivet fører midlertidig på saksbehandlar og unntatt offentlegheit på posten til organisasjonen.
- Rådmann/kommunalsjef sjekkar etat, saksbehandlar og unntatt offentlegheit på elektronisk journal.
- Sentralarkivet ajourfører sak/arkiv etter tilbakemelding om endring.
- Fordeling av sakene til saksbehandlar blir gjort via EDB/sakarkiv systemet av arkivet.
- Det er leiar/saksbehandlar sitt ansvar å vurdere om eit dokument er unntatt offentlegheit, tilgangsgrupper og § og heimel.
- Kontrollerer at det er rett saksbehandlar og unntatt offentlegheit som er påført dokumentet. Eventuelle endringar skal meldast til arkivet.
- Dersom dokumentet blir overført til ein annan saksbehandlar, skal arkivet ha beskjed og rette dette elektronisk.
- Saksbehandlar er ansvarleg for å skjermje dokument med sensitive opplysningar under saksbehandlingsprosessen.

1.4 Skanning

Dokument motteke på papir, vert skanna og lagra elektronisk, sentralarkivet har ansvar for:

- at alle mottekne dokument er skanna og elektronisk arkivert
- at alle sider er kome med på kvart dokument
- at skanninga er kvalitetsmessig god
- at det er samsvar mellom arkiverte dokument og registrerte (journalførte) opplysningar.

1.5 Dokument unntatt offentlegheit

- Sentralarkivet vurderer om eit inngåande dokument er unntatt offentlegheit, fører på midlertidig tilgangsgruppe, § og heimel.
- Rådmann, kommunalsjef og saksbehandlar har ansvar for kvalitetssikring.

1.6 Gradering av dokument

Gradert post som skal skjermast på grunn av sikkerhet, eller andre grunnar blir behandla i forhold til gjeldande reglar for dette.

Dokumenta skal registrerast og skannast i sak/arkiv systemet med :

- 1. dato for journalføring
- 2. saks- og dokumentnummer
- 3. § og heimel
- 4. Tilgangsgruppe

§§ som oftast blir brukt :

- § 5 Utsett offentlegheit
- § 14 Dokument utarbeidet for eigen intern saksførebuing
- § 15 Dokument innhenta for egen intern saksførebuing
- § 13 Dokument undergitt lovbestemt taushet
- § 20 Utanrikspolitiske interesser
- § 21 Forsvarssaker
- § 22 Budsjettsaker i visse organ
- § 23 Forhandlingsposisjon ang. økonomi, lønn, personale
- § 25 Tilsetjing
- § 18 Rettsaksdokument
- § 26 Eksamenssvar, karakterar
- § 24 Kontroll- og reguleringstiltak, lovbrøt, dokument som kan lette lovbrøt
- § 27 Heimel i forskrift

Klepp kommune, 29.01.2010

Svein Tore Åtland
rådmann

mot ulike former for besiktigelser, iakttagelser og orienteringer som kan være vanskelig. En generell regel i forvaltningsloven om varslingsplikt ved befaring ville etter dette etterlate en god del tvil om når plikten skulle være aktuell, noe som kunne fremstå som problematisk både for forvaltningen og partene. På denne bakgrunn ble forslaget om varslingsplikt ved befaring ikke videreført i forvaltningsloven, jf Ot prp nr 75 (1993–94) s 33. Imidlertid ble det uttalt et behov for å skape ensartet praksis innenfor de enkelte saksområder om varsel ved befaringer, og departementet viste til at man i særlovgivningen kunne ta inn regler som er tilpasset de enkelte sakområdenes egenart, jf Ot prp nr 75 (1993–94) s 33. Dette sa justiskomiteen seg fornøyd med, jf Innst O nr 4 (1994–95) s 6.

Et annet eksempel på at den relevante særlov kan gi grunnlag for å si noe om utredningspliktens innhold, finnes i Ombudsmannens Årsmelding 1983 s 97:

Her var det spørsmål om vassdragsmyndighetene har en egen plikt til å kontrollere at eieren av en laksetrapp varsler «alle interesserte» etter vassdragsloven § 116 nr 1 før anlegget legges ned. Ombudsmannen la til grunn at varsling var en forutsetning for at saken kunne bli så godt opplyst at forvaltningen kunne ha et forsvarlig grunnlag for å vurdere om forkjøpsrett skulle brukes. Det måtte derfor påhvile vassdragsmyndighetene å kontrollere at varsel ble sendt.

Gir særloven regler om andre sider av utredningen, f eks om varsling av partene, vil det ha formodningen mot seg at det kan utledes en mer vidtgående varslingsplikt av § 17, jf Ombudsmannens Årsmelding 1988 s 159 om forholdet mellom reglene om varslingsplikt i plan- og bygningsloven § 94 nr 3 og fvl § 17 første ledd. Det uttales her at det ikke kan utledes en generell plikt for bygningsmyndighetene til å varsle eieren/bortfesteren av en eiendom når søknad om dispensasjon fra lovens § 7 kommer fra festeren.

I særlovgivningen finnes det endelig hjemler for å kreve *konsekvensutredninger* for å oppnå nødvendig innsikt i relevante fakta, jf f eks plan- og bygningsloven kapittel VIII a og forurensningsloven kapittel 3, se blant annet Backer i Utvalgte artikler i miljørett (Institutt for offentlig retts skriftserie 2/1992) s 25–35 og i *Naturvern og naturinngrep* (1986) s 620–666. Noen *alminnelig* hjemmel for dette kan ikke utledes av fvl § 17. Plikt til å utrede og forhåndsvurdere konsekvenser fremgår også av utredningsinstruksen kapittel 2, jf vedlegg til boken.

b) Dernest vil *sakens viktighet* og betydning for parten(e) og det offentlige være av interesse. Dreier det seg f eks om en ekspropriasjonssak, må det som utgangspunkt stilles strenge krav til utredningsplikten, fordi vedtaket er inngripende for den det angår. Se f eks Rt 1961 s 910, jf Rt 1964 s 1025.

Det kan likevel neppe være noen betingelse for gyldig ekspropriasjon at det offentlige utreder alternativer til bruk av offentlig myndighet, f eks frivillig salg, jf Sandene/Keiserud, *Oreigningsloven* (1990) s 176 og RG 1991 s 977. Men dette kan unntaksvis likevel være tilfellet, der det er særlig nærliggende å forsøke med en frivillig ordning: Er det en sak om ekspropriasjon av tilleggsjord etter jordloven, bør f eks mulighetene for jordleie undersøkes før ekspropriasjonsvedtaket.

treffes. Det kan likevel ikke alltid kreves at forvaltningen foretar en konkret vurdering av hver enkelt sak for å vurdere om jordleie er et alternativ til ekspropriasjon. Utredningsplikten vil f eks være oppfylt om forvaltningen en gang for alle har foretatt en landbrukspolitisk vurdering av spørsmålet og kommet til at kjøp samsvarer best med målsettingen i jordloven § 1.

Om kravene til undersøkelse i saker som gjelder bruk av offentlig forkjøpsrett etter konsesjonslovgivningen, se Rt 1981 s 595, RG 1980 s 263, RG 1983 s 217.

Hvorvidt saken er viktig for den det gjelder, er for øvrig ikke alltid like lett å fastsette. Ofte vil forvaltningsorganet ha den oppfatning at saken er «kurant», slik at den dermed ikke foranlediger mer grundige undersøkelser mv.

I en sak i Årsmeldingen 1982 s 113 kritiserer Ombudsmannen Reiselivsdirektoratet for å ha ansett en sak om forlengelse av lærlingtiden for en kokkelærling som kurant. Lærlingen var ikke blitt forespurt om forlengelsen og heller ikke varslet. Direktoratet hadde likevel forlenget lærlingtiden med to måneder, fordi lærlingen hadde avbrutt opplæringstiden med mer enn fire uker pr år, jf forskrift 6 juni 1958 § 66 og hotelloven § 24.

Også i Årsmeldingen 1987 s 25 kritiserer Ombudsmannen en saksbehandling som det offentlige har tatt for lett på, fordi den øyensynlig ble oppfattet som kurant. Dette til tross for at klageren i en ansettelsessak hadde bedre formelle kvalifikasjoner enn den som ble ansatt. Departementet viste bare til at det hadde basert seg på innstillingsorganets forslag, og at det ikke hadde vært foretatt noen selvstendig vurdering av vedkommendes skikkethet til stillingen. Ombudsmannen gir uttrykk for at utredningsplikten i en sak som dette også omfatter en vurdering av søkerens personlige kvalifikasjoner.

Årsmeldingen 1988 s 19 gjelder også et ansettelsesvedtak. Ved ansettelse av en rektor ble en person med klart svakere formelle kvalifikasjoner enn klageren ansatt. Departementet la avgjørende vekt på at det hadde vært uro ved skolen i klagerens fungeringsperiode, og at dette avslørte sviktende lederegenskaper hos klageren. Ombudsmannen fant at departementet ikke hadde undersøkt bakgrunnen for den oppståtte konfliktsituasjon, slik at departementets slutning om klageren var basert på et utilstrekkelig faktisk grunnlag. Det materiale som var innhentet under klagebehandlingen, ga heller ikke noe klart og entydig svar på spørsmålet om uroen ved skolen hadde sammenheng med klagerens lederegenskaper, og Ombudsmannen konkluderte med at klageren syntes å være usaklig forbigått.

En tredje ansettelsessak er inntatt i Årsmeldingen 1991 s 22: Klageren ble av departementet ansett som best kvalifisert for en utlyst rektorstilling hva angikk utdanning og praksis. Et enstemmig intervjuutvalg hadde også funnet ham best personlig skikket for stillingen. Departementet bestemte imidlertid at en annen søker skulle ansettes, fordi skoleutvalget og flertallet av de ansatte ved den aktuelle skolen ønsket dette. Ombudsmannen kritiserte departementets saksbehandling, fordi man i en slik situasjon burde ha undersøkt nærmere hvorfor flertallet av de ansatte ikke ønsket klageren. Av denne grunn var saken ikke så godt opplyst som mulig før avgjørelsen ble fattet, og det var mulig at denne feilen kunne ha virket bestemmende på resultatet.

c) *Sakens karakter* for øvrig kan også være av betydning mht grundighetsspørsmålet: Er vurderingstemaet avhengig av kompliserte tekniske variabler eller mer

